

## Referat

### Møte i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg

<b>Møte:</b>	6 - 2018
<b>Tid:</b>	26.oktober kl. 13 - 15
<b>Stad:</b>	Møterom Regionrådet
<b>Til stades:</b>	Olav Mongstad, Grete Herøy, Helga Ellingsen, Ove Sæbø, Ingebjørg Søreide, Leni Dale, Nina Kvamme, Heinz Diehl
<b>Ikkje møtt:</b>	Helge Kvam, Anne Hildegunn Færøy
<b>Møteleiar:</b>	Helga Ellingsen
<b>Referat:</b>	Ove Sæbø

Nr.	Sak
<b>35/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Godkjent.
<b>36/18</b>	<b>Godkjenning av referat frå Møte 5-2018, 7.september</b> Godkjent
<b>37/18</b>	<b>Planlegging av lunsj - lunsjmøte i desember</b> – Praktiske avklaringar - overnatting, meny m.v. Alle melder inn til Anne Hildegunn om ein skal overnatte eller ei. Avklare bestilling til Alver hotell. Innspel til tema og saker: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Velferdsteknologiprojektet. Vurdere andre kommunar inn i fortsettinga av prosjektet. Fusa, Os og Austevoll er allereie med i anbudsprosessen. Drøfte intensjon om spreing, bidra til å hjelpe andre i gang, økonomi. Kva prioriteringar skal gjerast framover? Drøfte val av responsenterløysing.</li> <li>• Drøfte høyringsuttale til nasjonalt dagtilbod til demente, jfr. mogleg tilbod frå 01.01.20. sjå sak 40/18.</li> </ul>
<b>39/18</b>	<b>Meldingssaker / eventuelt (bytta rekkjefølgje med sak 38/18)</b> – KS læringsnettverk innan psykisk helse og rus - Vil kommunane delta på dette? Alver deltar med fleire grupper. Masfjorden er påmeldt. Osterøy usikker, Modalen ikkje påmeldt. Masfjorden og Modalen vurderer å sende nokon saman. Fedje ikkje klare. Oppstart er utsett grunna få påmeldingar. Mange kommunar var ikkje klare.
<b>40/18</b>	<b>Eventuelt:</b> Helga: drøfting omkring nasjonal kartlegging vedr. dagtilbod til demente i kommunar, jfr. mogleg høyring/etablering av slikt tilbod frå 01.01.20. Krevjande spørsmål som m.o.t. til forståing av intensjon. Innspel om også inkludere andre enn denne gruppa i slikt fokus. Vidare på dette på neste møte (des. på Alver Hotell), jfr. sak 37/18.

38/18	<p><b>Velferdsteknologiprogrammet</b></p> <p>– informasjon om anskaffing /anbod (kl.14.00). Til stades under denne delen: Heinz, Ove, Ingebjørg, Helga og Nina. Merknad: Det er kalla inn til <i>styringsmøte</i>. Kommunalsjefgruppa vurderer med utgangspunkt i at det er sett av 1 time til dette i komm.sjefmøte at dette vert å sjå som eit <i>informasjonsmøte</i> om anskaffing/anbod.</p> <p>Kari Bjørkheim, prosjektleiar saman med Anita Sævild, prosjektkoordinator og Elin Eikemo, prosjektmedarbeidar orienterte om;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- framdriftsplan for prosjektet.</li> <li>- kva teknologi som inngår i anbodet, inkl. opsjon</li> <li>- Drøfting omkring responscenter:</li> </ul> <p>Dersom ein nyttar teknologi/leverandør som har det som valfritt kva responscenter ein nyttar, så inneber det ein mogleg ekstra integrasjon + kostnad. Somme leverandørar av teknologi i anbodet er totalleverandør med underleverandør (inkl. responscenter).</p> <p>Det vil vere ulike modellar; <i>responscenter</i> og <i>responsteneste</i>. Ulikt kva som er mest hensiktsmessig for den einskilde kommune og denne si organisering. Ein kan velje/velje vekk opsjonar i anbodet – og må vurdere kostnad/løysing.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- EPJ vart trukke fram, men dette har ikkje direkte relevans til anskaffinga.</li> <li>- felles plattform for heile teknologiløysinga.</li> <li>- oppfølging, support og lager. Kvar kommune må ha ei løysing for eit lite lager av somme produkt.</li> <li>- Ta høgde for lisenskostnadar på produkt. Driftskostnadar i tillegg til kjøp.</li> <li>- Leveranse og support: når kontrakt er inngått. Leverandør skal vere ein aktiv samarbeidspart.</li> <li>- I 2019 brakar det laus!</li> </ul>